



Etnedal kommune

Plan og teknisk

Torbjørn Eide Stubbene
Bøagoto 13
2910 Aurdal

Administrativt vedtak

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkivsak:	ArkivID:	Vår dato:
128/14	WOLOLA - 26/3035	26/595	GBNR- 128/14, K3- &18	10.06.2026

Saksnr.	Utvalg
	Kommunestyret

Gnr 128 bnr 14 - Konsesjon

Saksopplysninger:

Torbjørn Eide Stubbene søker om konsesjon på erverv av landbrukseigedomen gnr 128 bnr 14 Øvre Rusten i Sør-Etnedal. Seljar er Aase Skogstad.

Arealet er sett saman av 15,6 daa fulldyrka jord, 92,8 daa produktiv skog og 10,3 daa anna areal, totalt 118,7 daa. Erverv av eigedomen er konsesjonspliktig etter areal.

Bygningar på eigedomen er våningshus, fjøs, stabbur og garasje. Bygningane er av varierende alder og tilstand. Det er avtala kjøpesum kr 900 000.

Søkaren vil flytte til eigedomen. Han er handverkar og arbeider i Etnedal. Seljar er tante til søkar sin far. Jordbruksarealet vil bli leigd bort, som i dag, og han vil drive skogen i eigen regi.

Lovgrunnlag

§ 1 omtalar formåla for lova. Det skal oppnåast eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, for mellom anna å tilgodesjå:

- Behov til framtidige generasjonar
- Landbruksnæringa
- Behovet for utbyggingsgrunn
- Omsyn til miljø og naturvern- og friluftsinteresser
- Omsyn til busetnad

Besøksadresse:
Kyrkjevegen 10

Postadresse:
2890 Etnedal

Telefon:
61 12 13 00

Telefaks:
61 12 13 01

Organisasjonsnummer:
933 038 173

E-mail:
postmottak@etnedal.kommune.no
www.etnedal.kommune.no

§ 9 omtalar særlege forhold for landbrukseigedomar. Det skal særleg leggjast vekt på:

- Omsyn til busetnaden i området
- Driftsmessig gode løysingar
- Kor skikka ervervar er til å drive eigedomen
- Omsyn til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

§ 9 a. omtalar priskontroll ved erverv av landbrukseigedom:

- Det er priskontroll på erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål.
- For bebygde eigedomar med meir enn 35 daa full- og overflatedyrka jord eller meir enn 500 daa produktiv skog, skal det vurderast om avtalt pris gjev ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling.
- Priskontroll etter fyrste punkt skal ikkje gjennomførast for eigedomar med brukbart bustadhus ved pris under kr 3 500 000.

§ 11 omtalar at konsesjon kan gjevast med slike vilkår som det i kvart enkelt tilfelle er påkravd av dei omsyna lova skal fremje. Det skal utifrå omsyna til busetnad, heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskap takast stilling til om det er påkravd å stille vilkår om buplikt, og om dette i så fall skal vere ei personleg plikt for eigar.

Vurdering:

Øvre Rusten er ein liten landbrukseigedom. Staden er godt eigna som buplass. Drift av jord og skog kan gje litt inntekt, men det vesentlege av inntekt må komme frå anna arbeid eller verksemd. Tunet ligg like ved fylkesveg 33, og det er kort veg til kommunesenteret på Bruflat og til Dokka og Fagernes. Våningshuset er eit godt utgangspunkt for oppgradering til moderne bustad.

Folkesetnaden i Etnedal er nedgåande, og det skal nyttast eit kvart høve til å oppnå busetjing i bustadhusa i kommunen. Det er slik grunnlag for buplikt som konsesjonsvilkår for ervervet. Ved at eigaren vil bu på og drifte eigedomen og nytte moglege ressursar, ligg det godt til rette for godt vedlikehald og god utnytting av garden. Ved at ein ny eigar vil busetje seg fast på garden og vedlikehalde og nytte dei ressursane som finst der, er formåla i konsesjonslova svært godt oppfylte.

Eigedomen er under arealgrensene for priskontroll for bebygde landbrukseigedomar.

Etter dette vil konsesjon for ervervet bli innvilga, med krav om tilflytting innan eitt år frå ervervsdato.

Vedtak:

I medhald av konsesjonslova §§ 1, 9, 9a og 11 og gjevne forskrifter, samt gjeldande delegasjonsfullmakter, gjev Etnedal kommune Torbjørn Stubbene konsesjon på erverv av gnr 128 bnr 14 i Etnedal kommune.

Kjøpesum er kr 900 000.

Vilkår for konsesjon er at søkeren buset seg på eigedomen innan eitt år etter ervervet, samt at eigedomen blir drive på ein landbruksmessig forsvarleg måte.

Konsesjonsforholdet er registrert elektronisk i Matrikkelen, og det er slik klart for innsending av skøyte til Kartverket for tinglysing.

Orientering om klageadgang

Vedtaket er fattet i medhold av delegeringsreglementet, og kan i medhold av forvaltningsloven §§ 28-36 påklages. Eventuell klage skal sendes skriftlig til Etnedal kommune. Klagefrist er tre uker fra vedtaket er bekjentgjort.

Med hilsen

Olav Agnar Wold
Jordbrukskonsulent

Etter våre rutiner er dette dokumentet godkjent og sendt uten underskrift.